



Navn
Adresse

Oslo, dato

Prøvesvar – behov for koloskopi

Testresult - need for colonoscopy

For information in English and other languages: tarmscreening.no/brev

Du har nyleg sendt inn ei avføringsprøve til Tarmscreeningprogrammet. Ved analyse av prøva vart det funne blod. Dette kan vere eit teikn på kreft. Men det kan òg skuldast andre årsaker, til dømes ein godarta polypp.

Vi tilrår at tarmen din blir undersøkt nærmare, og vi viser deg derfor til koloskopi ved Akershus universitetssykehus, Nordbyhagen.

Sjukehuset vil sende deg ei innkalling til koloskopi. Dersom du har spørsmål om koloskopitimen din, kontaktar du sjukehuset direkte.

Tarmkreft utviklar seg frå polypper i tarmen. Ved koloskopi kan ein påvise og fjerne eventuelle polypper. Dersom du må følgjast opp vidare etter koloskopien, vil sjukehuset gjere dette.

Med vennleg helsing

Tarmscreeningprogrammet



Kva skjer no?

Innan 4 veker vil du få ei innkalling til ein koloskopi på sjukehuset. I innkallingsbrevet frå sjukehuset vil du få meir informasjon om undersøkinga. Vi anbefaler at du les dette nøye. Etter at koloskopien er gjennomført, vil du ikkje få tilbod om å sende inn fleire avføringsprøver.



Kva er ein koloskopi?

Koloskopi er ei undersøking som blir gjennomført på sjukehus. Ein brukar eit koloskop, som er ein tynn slange med eit lite kamera på tuppen. Koloskopet blir ført inn gjennom endetarmen og blir brukt til å undersøka innsida av tjukktarmen. Undersøkinga vil ta rundt 45 minutt.



Gjer koloskopi vondt?

Nokon opplever knipesmerter under koloskopien. Dersom du treng det, kan du få tilbod om smertestillande medisinar. Då kan du ikkje køyra bil etterpå. Derfor kan det vera greitt å planlegga for at nokon kan henta deg etter undersøkinga.



Kva er ein polypp?

Polyppar er små utvekstar i tarmen og er som oftast heilt ufarlege. Men nokre få kan med tida veksa og utvikla seg til kreft. Dersom det blir funne polyppar under koloskopiundersøkinga, vil dei bli fjerna. Å fjerna ein polypp i tarmen gjer ikkje vondt.



Må eg gjera nokon førebuingar?

For at legen skal kunne sjå etter polyppar og kreft i tarmen din, må den vera heilt rein. Tarmen må bli tømt før undersøkinga. I innkallinga frå sjukehuset får du informasjon om kva middel du skal bruka og korleis du går fram.



Kva kostar dette?

Ved koloskopi gjeld ordningane med eigendel, frikort og pasientreiser. Du vil få refundert eventuelle utlegg til tømingsmiddel. Informasjon om dette får du i innkallinga frå sjukehuset eller når du møter til koloskopi.

Meir informasjon om Tarmscreeningprogrammet og koloskopi, finn du på tarmscreening.no. Her kan du òg sjå ein film om korleis ein koloskopi går føre seg.